



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 15/2017

Møtedato: 26.6.17

Møtestad: Vaset

Saksbehandlar: Harald Ranum

Søknad om rydding i Røvsalaåne

Vestre Slidre kommune har motteke søknad om å få reinske opp i Røvsalaåne og søknaden er sendt fjellstyret til uttale.

Vestre Slidre kommune skriv følgjande:

Vestre Slidre kommune har motteke søknad om å reinske opp i elva Røvsalaåne på Vaset.

Bakgrunnen for dette er at elveløpet over tid blir fylt opp med sand og stein. På vinterstid får ein då etter kvart problem med is og kjøving opp under brua. Dette har ført til at ein fleire gonger har brukt gravar vinterstid for å fjerne is og å lede vatnet i rett retning.


Anbefalinga frå fleire entrepenørar er å reinske elva på begge sider av brua i ca 150 meter.

Sjå vedlagt søknad og kart frå stølsvegen.

Kommunen ber NVE, Fylkesmannen og Fylkeskommunen vurdere tiltaket etter relevant regelverk innafør sine fagområde.

Det er registrert naturbeitemark langs elva på oversida av brua. Ut over dette er det ikkje registrert ting i naturbase som kjem i konflikt med tiltaket. I tillegg har kommune grunnvassbrønner på nedsida mot fjorden som kan bli berørt av tiltaket.

Sone for rydding er markert med raude strekar i kartet.



Tiltaket kan ha uheldige verknader for fiskelokalitetane, både ved at skjul for småfisk blir borte og ved tilslamming av elveløpet nedanfor. Ev. ulemper for rekruttering for fisken vil i all hovudsak berøre Vasetvatnet, som ligg utanfor allmenningen. Ev. ulempe må eigarane av Vasetvatnet uttale seg til. Utan å ha vore på befaring kan ein ikkje sjå at tiltaket har særlege ulemper for interesser i statsallmenningen.

Fjellstyret skal sjå saka under befaring same dag som fjellstyremøte og det blir derfor ikkje lagt fram forslag til vedtak.

Vedtak:

Fjellstyret tilrår at søkjar får lov til å utføre tiltak etter alternativ to som ikkje omfattar etablering av anleggsveg. Fjellstyret ber om at det i størst mulig omfang blir bevara fiskelokalitetar i elva.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 26.6.17

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vestre Slidre kommune